



Notat

Til: Fylkesordførar

Frå: Ungdommens fylkesutval

Referanse
2014/560-80

Dato
19.06.2014

Erklæring frå Alltinget 31.05.14 i samband med Grunnlovsseilasen 2014

Ungdommens fylkesutval, saman med Ungdommens bystyre i Bergen, ungdomsrådet i Ullensvang og ungdom i Hordaland, skreiv ein erklæring som vart teken opp på eit Allting da Grunnlovsseilasen 2014 og Anne Rogde var i Bergen 31. mai. Erklæringa vart levert til kapteinen på Anne Rogde og saman med erklæringer frå dei andre kystfylka vert den levert på Eidsvoll.

Erklæringa ser slik ut:

«Ungdom i Hordaland ynskjer at kvar kommune i Noreg skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre/bystyre, som skal ha medverknad på sakar som vedgår ungdom og deira lokalmiljø. Dette er viktig for å få ungdommens stemme høyrd i lokalsamfunnet og i samfunnet elles. For å klare dette må me få lovfesta medverkingsorgan for ungdom. I dag er det lovfesta med både eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne, noko som er veldig bra! Det er viktig at denne retten skal gjelde ungdom også!»

Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Gjennom desse organa skal ungdom ha reell makt. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarandre. Ungdom i Hordaland vil ha eit Ungdommens Storting som faktisk fungerer, der ungdom får seie kva dei meiner og har noko å seie i sakar som er viktig for dei. Dette har ikkje vore på langt nær bra nok på tidligare Ungdommens Storting. Retningslinene for medverkingsorgana skal lagas av ungdom.

Ungdom i Hordaland meiner at demokratiopplæringa som ungdom får på skulen, har eit stort forbettingspotensiale. Me ynskjer at demokratiopplæringa skal vektleggast i mykje større grad innanfor faget samfunnsfag, slik at elevane får breiare kunnskap om landets demokratiske styreform. Dette vil både auke interessa for innflytelse i samfunnet generelt, og om politikken i landet. Dette vil auke moglegheitene for ungdom til å få innsikt i vårt politiske system, noko som igjen vil føre til større politisk deltaking blant ungdom rundt om i Noreg.

Det er viktig å ha eit breitt linjeval på vidaregåande skular i distrikta. Me vil ikkje at 16-åringar skal måtte flytte frå heimen sin. Når ein skal byrje på vidaregåande skule er det også viktig å få lov til å gå på fyrstevelet sitt. Viss fleire får bu heime og gå på fyrstevelet sitt, vil talet på avhopparar gå ned. Det er ikkje attraktivt for ein familie å flytte til ein stad der borna deira må flytte ut som 16-åringar.

Ungdom i Hordaland meiner at det må fokuserast meir på miljø enn det blir gjort no. Me meiner global oppvarming er den største utfordringa me står ovanfor i dag, og me meiner det er feil at me og me vil ha ei framtid i eit Noreg som ikkje er øydelagt av klimaendringane. Blant anna er transportmoglegheitene her i fylket noko som ungdom meiner er med på å skape desse problema, og tilbodet med kollektivtransport må derfor betrast. Me som er unge ynskjer at dette skal vektleggjast mykje meir, for blir dette betre vil det bli ein nedgang i forureininga i landet. Ungdom ynskjer derfor at kollektivtransporten skal gjerast meir attraktiv og brukarvenleg for ungdom. Det er trass alt ungdom som er dei som brukar kollektivtilbodet mest.»

Ungdommens fylkesutval ønskjer at fylkesutvalet og fylkestinget vert oppmerksam på kva ungdom i Hordaland meiner er viktig og sendar derfor erklæringa vidare til fylkesordførar.

Med helsing

Agnes Hoshovd Bernes
leiar